



Det var godt om plassen då Straume bensin etablerte seg i 1979. Foto: Privat



Ole Straume starta først med tankbil, dette er ein av dei eldste. Foto: Privat



Eigarane av Straume bensin drøymar å flytte til denne tomte. Teikning: Arkitekt Rolv Eide



I fjor vart Straume bensin kåra til Norges beste Shell-stasjon, og ein av dei tre beste i Nord-Europa. Det er både Kjersti Straume og resten av gjengen ved Straume bensin veldig fornøgd med. Foto: Elisabeth Netland

30 år med bensin m.m.

I 1979 var bensin og bilrekvisita viktigaste varene hos Straume bensin. No er det bensin og mat.

STRAUME: Ole Straume er blant gründerane i Sartor-området. Medan andre la planar om butikksenter, tenkte vaktmeisteren ved Fjell ungdomsskule at folk måtte jo også ha bensin. Sartor senter opna dørene i 1978. Straume bensin kunne ønske første kunden velkommen jonsokaftan for nøyaktig 30 år sidan. På desse åra har bensinprisen nesten vokse inn i himmelen. Men det er ikkje Ole og kollegane hans som innkasserer auken.

– Staten forsyner seg grädig, den tar vel 8 kroner per liter. Så skal oljeselskapet ha sitt. Vår bit ligg berre som ei såvidt synleg stripe øverst på kolonnen, ler Ole Straume.

Stor investering

Eigentleg ville Ole heller ha bygd på tomte der Temahuset står i dag, der faren var grunneigar. Men kommunen var ikkje samd, dermed kjøpte Ole tomte på fire mål frå Fjell kommune.

– Det var ei svær investering i dei dagar, eg gav mellom 80.000 og 90.000 kroner.

Straume bensin har alltid vore ei familiebedrift. I dag har Ole Straume overlata drifta av bensinstasjonen til sonen Johnny og svigerdottera Kjersti.

– Starten var hard, det blei litt gratisarbeid på oss den første tida, seier Ole.

Han begynte med tre-fire tilsette i tillegg til familien. I dag er det 28 personar som har sitt arbeid på bensinstasjonen, verkstaden og tankbilen.

– Eg starta med ein gammal tankbil for å selje fyringsolje og parafin. Sidan har den blitt erstatta fire gonger.

Heilt frå starten satsa Ole Straume på utleige i tillegg til eiga verksemd. Leigetakarar har kome og gått. Både tomte og bygget er blitt utvida fleire gonger. No er tomte seks mål og har gitt plass til eit nytt bygg. Straume helsehus stod ferdig i 2001. Totalt 80-90 personar har sitt daglege arbeid på bensinstasjonstomte.

Nye tider

Ole og Johnny mimrar tilbake

til den første tida dei dreiv med bensinstasjon. Dei starta med tre pumper. No har dei ti.

– I starten måtte folk ha hjelp til å fylle bensin. Dei tilsette måtte ut å fylle for kunden, og dei måtte sjekke telleapparatet for å få med seg kor mange liter som var selt. Viss dei la pistolen på plass utan å ha sjekka, miste vi tallet, ler Ole.

Men i starten av 80-talet var det slutt på hjelp til å fylle bensin. Då måtte kundane gjere arbeidet sjølve. Til gjengjeld vart bensinen 15 øre billigare per liter.

Når bensinprisane går opp, er det ofte eigarane av stasjonane som får peset.

– Vi får høyre det, det kan du vere sikker på. Men vi prøver å forklare at prisane har vi ikkje herredøme over. Vi får melding frå oljeselskapet når prisane skal opp eller ned, seier Kjersti.

Varierte priser

At prisane hoppar opp og ned utan synlege grunnar, er noko alle bensinkundar har fått med seg. Ein dag er prisen på knapt 11 kroner, den neste ligg godt over 12. Ryktene går kva vekedagar den er låg og når den er høg.

– Men det er faktisk ikkje noko system i dette. Det er oljeselskapa som styrer alt. Vi kan få tips frå kundane om at no har dei billig bensin på UnoX, og vi gir melding til Shell. Men først når dei gir beskjed, får vi lov til å følgje, seier Johnny.

– Oljeselskapa har full kontroll på bensinpumpene, vi sel ikkje ein liter utan at dei følgjer med på det, seier Ole.

At stasjonen ligg i eit område med sterk konkurranse gjer at dei skjerpar seg. Mellom anna har dei gjennom ti år hatt eit rabattsystem som gjer avslag på bensinen og gratis vask etter ti gonger.

– Sidan vi starta med dette systemet har vi levert ut 10.000 kort, seier Kjersti.

Premiert

I tillegg legg dei vekt på god service. Det har også oljeselskapet merka seg. I fjor vart dei kåra til den beste Shell-stasjonen i

Norge og var blant dei tre beste i Nordvest-Europa. Det gav turar til England og Istanbul.

Heile tida har andre varer vore nesten viktigare enn bensinen. I starten var det bilrekvisita av alle slag som fylte butikken.

– Fjell kommune hadde restriksjonar på når eg kunne selje ting. Olje, pluggar, viftereimer og vindusviskarar kunne eg selje når eg ville. Men andre ting måtte ha bak ein glasvegg slik at eg kunne skilje av etter klokka seks om kvelden og i helgane. Eg fekk ikkje selje tobakk heller då, seier Ole. – Det var akkurat som med ølsalet no, tungvinte greier.

Den tida er heldigvis forbi, no kan dei selje det meste så lenge stasjonen er open.

Usikker framtid

30 suksessrike år ligg bak Straume bensin. Når dei no jubilerer, er det likevel med ein liten bismak. Bensinstasjonen er regulert vekk frå tomte dei har stått på alle desse åra.

Ole Straume synest det er merkeleg.

– Eg var med å starte opp og utvikle dette området. Det kjennest litt rart å berre bli radert vekk, seier han.

– Kommunen har lova oss ny tomte, men vi synest det er rart at det ikkje er planlagt ein bensinstasjon på Sartor-området. Alle senter har jo ein bensinstasjon, seier Johnny.

Han har blinka seg ut ei tomte, men har ikkje fått noko klare signal enno.

– Vi ønskjer oss McDonalds-tomte, men vi veit ingenting om kva den endelege løysinga blir, seier han.

McDonalds-tomte er grasplenen framfor Sartor Senter der den kjente hurtigmatkjeda søkte om å etablere seg for nokre år sidan.

– Vi er spente på om det blir noko 40-årsjubileum. Det er dei tilsette også. Vi har ein flott gjeng her mellom 17-60 år. Mange av dei har vore her lenge, seier Johnny Straume.

ELISABETH NETLAND
elisabeth@vestnytt.no

56 33 65 10



Grunder Ole Straume (til høyre) har overlata bensinpumpene til sonen Johnny. Foto: Elisabeth Netland